



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Petter Steen jr.	N - 813	18/158

Saksnr	Utval	Type	Dato
030/18	Formannskapet	PS	09.04.2018
028/18	Kommunestyret	PS	16.04.2018

NY POLITIVEDTEKT FOR SVEIO KOMMUNE

Prenta vedlegg:

NORMALPOLITIVEDTEKT (RUNDSKRIV 02/2018)
Rundskriv 2018-02
Rundskriv 2018-02 Vedlegg
Lovdata Gjeldande politivedtekt for Sveio 2003
Framlegg til forskrift om politivedtekt Sveio 140318
Høyringsliste ny politivedtekt Sveio 140318

Saksopplysningar:

Rådmannen, <dato>

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov om politiet (politilova) av 4. august 1995 nr 53 § 14 fyrste ledd.

Rundskriv 2018/002 frå Politidirektoratet.

Lov om behandlingmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova) av 10. februar 1967 § 37

Lov om hundehold (hundelova) av 4. juli 2003

Saksorientering:

Sveio kommune har motteke rundskriv 2018/002 frå Politidirektoratet om ny normalpolitivedtekt for kommunane. Rådmannen finn det rett at Sveio kommune oppdaterer politivedtekta si slik at ho byggjer på den same malen som ein finn i den nye normalpolitivedtekta.

Gjeldane politivedtekt for Sveio blei fastsett av Sveio kommunestyre 24. februar 2003 og stadfesta av Politidirektoratet 2. april same året. Politivedtekta blei endra ved forskrift av 17. oktober 2006. Bakgrunnen for endringa var at den nye hundelova regulerer spørsmål knytte til hundehald som tidlegare var heimla i politilova. Paragrafane 22, 23 og 24 blei difor tekne ut av politivedtekta for Sveio kommune.



Som det går fram av rundskrivet, er dei fleste endringane i dei nye normalvedtektene reint redaksjonelle. Det er mellom anna innført eit nytt paragrafsystem med kapittelvis nummerering.

Det er likevel særleg to punkt som har i seg ein politisk substans, og som ein difor må ta standpunkt til. Det eine gjeld heimelen for å innføra lokalt forbod eller meldeplikt for tigging som er teken inn i § 2-4 i normalvedtektene. Det andre gjeld heimelen til å innføra kommunal handheving av einskilde føresegner i politivedtekta som er teken inn i § 9-3 i normalvedtektene.

Rådmannen vil ikkje rå til at Sveio kommune innfører meldeplikt eller eit lokalt forbod mot tigging. Det er fleire grunnar til det. Det går sjølvstøtt før seg tigging i Sveio. Dette er noko vi opplever i dei fleste byar og bygder i Noreg. Likevel har ikkje dette til dags dato blitt opplevd som noko ordensproblem i Sveio. Tigginga har ikkje blitt opplevd som «aggressiv» eller «påtrengjande», slik ho har blitt omtala som i det offentlege ordskiftet nokre andre stader i landet.

Spørsmålet om tigging har og ein etisk dimensjon. Er det rett å innføra eit forbod mot å be om noko? Er det rett å nytta samfunnet sine ressursar på å jaga vekk menneske som bed om ei almisse og eventelt straffa dei? Rådmannen meiner ikkje det. Rådmannen ser at det og vil vera svært vanskeleg å setja grenser for kva som blir sett på som tigging og kva som ikkje blir det. Både av praktiske og etiske grunnar vil difor rådmannen rå ifrå at Sveio kommune tek inn § 2-4 i normalvedtekta i si politivedtekt.

I § 9-3 i normalvedtekta er det teke inn ein heimel for kommunen til å handheva ein del av paragrafane i vedtekta. Rådmannen vil ikkje rå til at Sveio kommune tek denne paragrafen inn i si vedtekt. Kommunal handheving av einskilde paragrafar vi kunna binda opp kommunale ressursar i eit omfang vi i dag ikkje kjenner. Kommunen har ikkje eit apparat til å handtera dette. Difor er det, slik rådmannen ser det, rett at det er politiet som har mynde til handheving av alle delar av politivedtekta.

Ei politivedtekt er *ei lokal forskrift* til politilova. Det er difor spesielle formkrav til handsaminga. Desse går fram av § 37 i forvaltningslova: «*Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre*».

Politiet skal vera ein sentral høyringsinstans, og politikontaktet er eit naturleg bindeledd, slik det går fram av rundskrivet. Forskrifta skal og gjerast kjend for kommunen sine ibuarar, til dømes gjennom media. Framlegget bør vidare vera tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, på kommunehuset og på biblioteket. Fristen for å koma med høyringsfråsegn må setjast slik at dei som ynskjer det, har rimeleg tid til å uttala seg. Liste over høyringsinstansar som blir bedne om å uttala seg, ligg som vedlegg til denne saka.

Etter at høyringsfristen er ute, vil innspela bli sakshandsama i administrasjonen før endeleg sak blir fremja for politisk handsaming i formannskapet og kommunestyret. Etter handsaming i kommunestyret skal forskrifta sendast til Politidirektoratet for endeleg stadfesting.

Framdriftsplanen etter kommunestyret si handsaming 16. april blir slik:

· Høyringsperiode 16. april – 22. mai.



- Endeleg innstilling frå formannskapet 4. juni
- Endeleg vedtak i kommunestyret 18. juni

Økonomiske konsekvenser:

Ingen om ein ikkje vel å ta inn § 9-3 i normalvedtekta.

Vurdering i høve til ROS analyse:

Ikkje aktuelt

Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:

Ikkje aktuelt

Vurdering:

Rådmannen ser det som viktig at Sveio kommune har ei oppdatert politivedtekt som fylgjer malen i dei nye normalpolitivedtektene. Rådmannen ser det vidare som viktig at Sveio kommune si politivedtekt er enkel og oversiktleg og lett å handheva. Vidare er det ynskjeleg at vedtekta og handhevinga av denne ikkje påfører kommunen nye kostnader. Rådmannen vil difor rå til at Sveio kommunestyre vedtek å leggja ny politivedtekt som vist i vedlegg av 14.03.2018 ut til offentleg ettersyn.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Sveio kommunestyre vedtek å leggja framlegg til ny politivedtekt for Sveio kommune dagsett 14. mars 2018 ut til offentleg ettersyn. Fristen for å koma med høyringsfråsegn blir sett til tysdag 22. mai.
2. Endeleg sak om ny politivedtekt vil bli handsama av kommunestyret i møtet 18. juni 2018.

Formannskapet - 030/18

FOR - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR - vedtak:

1. Sveio kommunestyre vedtek å leggja framlegg til ny politivedtekt for Sveio kommune dagsett 14. mars 2018 ut til offentleg ettersyn. Fristen for å koma med høyringsfråsegn blir sett til tysdag 22. mai.
2. Endeleg sak om ny politivedtekt vil bli handsama av kommunestyret i møtet 18. juni



Sveio kommune

2018.

Kommunestyret - 028/18

KOM - behandling:

RØYSTING: Samrøystes som tilrådd av formannskapet.

KOM - vedtak:

1. Sveio kommunestyre vedtek å leggja framlegg til ny politivedtekt for Sveio kommune dagsett 14. mars 2018 ut til offentleg ettersyn. Fristen for å koma med høyringsfråsegn blir sett til tysdag 22. mai.
2. Endeleg sak om ny politivedtekt vil bli handsama av kommunestyret i møtet 18. juni 2018.